Skuleåret 2026/2027
SU, Orre skule

Dato: 04.11.2026, 19.00 – 20.00.
Deltakarar: Kenth Magne Åsebø-Trodal (rektor), Mari Hatteland (FAU), Rakel Lima Fjelltvedt (FAU), Karen Marie Vold (rep.pedagogar skule), Lise Samuelsen (rep.fagarbeidarar/miljøpersonell skule) og Vegard Bjøberg Snoksrud-Stokland (rep. Kommunestyret),
Fråfall:

Saksliste:

Sak	Referat	Ansvar
	Godkjenning - Referat frå sist ○ Ingen invendinger. - Saksliste	SU
Sak 3 26 - 27	**Årshjul møter** - Møte 3: 3.mars, 19.00 - Møte 4: 28.april, 19.00	Rektor SU
Sak 11 26 - 27	**Status skule og læringsmiljø** - **Trivsel og arbeidsmiljø:** Status på skulen er god. Både elever og tilsette trivest, og det er eit trygt og solid grunnlag for skulekvardagen. - **Arbeidsmengd og kapasitet:** Det vert peikt på at arbeidsmengda er noko ulikt fordelt i periodar, der enkelte har litt meir å henge fingrane i enn andre. Dette vert handtert godt i kollegiet gjennom støtte og samarbeid. - **Elevmiljø og tilbakemeldingar:** Vi er stolte over elevane våre. Dei visar seg som høflege, greie og omsorgsfulle overfor kvarandre. Eksterne tilbakemeldingar frå turar og andre arrangement bekreftar at elevane utviser svært god oppførsel og omsorg i møte med andre. **Orientering frå miljøpersonalet** - **Status og skulemiljø:** Det har vore lite nytt sidan sist, og det er generelt eit roleg og godt miljø i gangane. I timane ser me mykje god læring, og elevane er flinke til å gje kvarandre arbeidsro.	Tilsette



	- **Halloween-dørkonkurranse:** Elevrådet har nyleg arrangert ei dørkonkurranse i samband med halloween. Alle klassane deltok, og det var til slutt 4. trinn som stakk av med seieren. - **Skulegenser:** Prisen på skulegenseren vart opplevd som noko høg, men elevrådet har no fått tilsendt nokre prøveeksemplar og vil ta ei endeleg avgjerd.	
Sak 12 26 - 27	**Status skule og læringsmiljø** - **Effekt av tiltak i klassen:** Opplever at skulen tar tak i ting ein må jobbe med, veit til dømes at det har blitt sett inn ein del tiltak i ein av klassane, noko ein ser har hatt god effekt. - **Skulekveldar og arrangement:** Kveldane fungerer greitt, men det blir opplevd at det er nok no. Dersom ein skulle fjerna ein av kveldane, blir det trekt fram at «Back to school» kunne vore vurdert bort. Aksjonskvelden blir opplevd som meir læringsrik, og barna gleder seg stort til denne. - **Utvikling på 2. trinn:** Elevane på 2. trinn verkar meir modne for skulen og viser eit stort engasjement for lesing. Foreldregjengen på trinnet er òg veldig engasjert, og tilbakemeldingane er samla sett svært positive.	FAU
Sak 13 26 - 27	**Status skule og læringsmiljø** - **Arbeids- og elevmiljø:** Det meldast om eit stabilt og godt arbeidsmiljø og eit godt elevmiljø. Sjølv om ein framleis har sine utfordringar, blir det arbeidd aktivt med desse. Det vart særleg trekt fram kor kjekt det var då elevar på 4. trinn viste stor høfligheit då skolesjefen var på besøk. - **Forskning og lesing:** Skulen forskar på lesing og nyttar *lesson study* for blandt anna å sjå på korleis ein kan løfte elevar på mestringsnivå 2 høgare opp, med utgangspunkt i årets nasjonale prøver. - **Aksjonskveld og skoleløp:** Det vart meldt om ein svært vellykka aksjonskveld og skuleløp, der elevane viste stort engasjement. - **Orre talenter:** Lise skal no setje i gang med «Orre talenter». Rektor ønskjer å starte vårens foreldremøte med eit innslag frå dette. - **Økonomi:** Skulen ligg greitt an i høve til budsjettet.	Rektor



Sak 14 26 - 27	**Frå politisk representant** - **Kommuneøkonomi og demografi:** Kommunen er elles svært nøgd med å vere Noregs nest mest effektive kommune. Fruktbarheitstalet i Klepp er i tillegg positivt og betre enn i nabokommunane. - **Høyring – kvalitetsplan for barn og unge:** Det er sendt ut ein kvalitetsplan for barn og unge på høring, med ein høringsfrist på berre to veker. Dette vart påpeikt som alt for knapt. - **Lærarinnsats:** Det vart uttrykt stor takksemd for den innsatsen lærarane legg ned i kvardagen. - **Skjermbruk i skulen:** Vegard meldte frå om at han er kritisk til dei tiltaka kommunen har vedteke når det gjelder skjermbruk i skulen.	Politisk rep.
Sak 15 26 – 27	**Trafikksikkerheit på skuleområdet – og på Pollestad og Orre** - Informasjon frå rektor om møte med kommunerep. - Korleis skal FAU ta saka vidare – og SU; kven gjer kva - Framdrift Saken blei drøfta på FAU møtet før, men ein fikk ikkje tid til å drøfte saken i SU.	SU (FAU)
Sak 16 26 - 27	**Høyring nye skulereglar Klepp kommune** - Sjå eige utsendt skriv - SU Orre skal uttale seg - Oppsummert endringane: *Dei føreslåtte endringane gjeld §§ 5, 6, 9 og 11 i gjeldande forskrift. Resten av forskrifta er uendra.* *Grunngjeving for endringane:* *§9 og §5c) (åtferd): Paragrafane er revidert for å fange opp den teknologiske utviklinga og sikre at reglane omfattar alt privat digitalt kommunikasjons- og opptaksutstyr, ikkje berre mobiltelefonar og smartklokker. Endringa skal bidra til eit trygt og godt læringsmiljø, styrkje personvernet og redusere forstyrringar i skuletida, samstundes som det framleis kan gjerast nødvendige unntak av sosiale, helsemessige eller pedagogiske omsyn.*	SU



	§6 l): Endringa er oppdatert i tråd med opplæringslova. Detaljerte reglar om bortvising er tekne ut av forskrifta, og det blir i staden vist til opplæringslova § 13-1, som regulerer når og korleis bortvising kan nyttast. *§11: Paragrafen er revidert for å vere i samsvar med lovendringa av 25. mai 2025, der regelverket for fysisk inngripen overfor elevar blei endra.* - **Elevrådet reagerer på punkt 5e. Orre skule har pumptrack og skatepark. Vi bruker denne i skuletida, med både syklar og sparkesyklar.** - **Resten av SU er einige med elevrådet.**	
Sak 17 26 – 27	**Høyring «Kvalitetsplan barn og unge»** - Sjå eige utsendt dokument Kvalitetsplan barn og unge - SU Orre skal uttale seg **Innspel:** - Høyringsfristen er alt for knapp, pga. at møtet i SU er nå – og det ikkje er møte før 7.desember - I tillegg vart det merka av at planen verkar noko hastig laga i oppsettet, og at det er ein del språklege gjentakingar når ein les gjennom dokumentet.	
	Nasjonale prøver: - Rektor gav ei kort oppsummering av resultata frå dei nasjonale prøvane (som tidlegare var gjennomgåtte på FAU-møtet) for dei som ikkje var til stades der. - Orre skule gjer det jamvel godt i engelsk og matematikk, men svakare på lesing. - Det vart ein kort diskusjon om årsakene til resultata, der det vart nemnt at enkelte foreldre er utolmodige. Tiltak som blir sette inn frå 1. klasse, tek gjerne fleire år før ein ser full effekt. Rektor trur likevel at resultata dei neste åra vil bli betre enn dei siste åra – spesielt i lesing – ettersom ein har arbeidd særleg målretta med dette.	
Eventuelt/anna	Elevrådet uttrykte overrasking over at dei ikkje skal delta på alle møta, og det vart spelt inn at ein kan vurdere å endre på denne ordninga til neste år.	

Referent: Karen Marie Vol

